

Skulebruksplan



2021 – 2036

05.11.2021

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Bakgrunn for planarbeidet	5
1.1. <i>Bakgrunn</i>	5
1.2. <i>Planprogram</i>	5
1.3. <i>Mandat</i>	5
2. Føringer og referansar for planarbeidet.....	6
2.1. <i>Nasjonale og internasjonale føringer</i>	6
2.1.1. FNs Barnekonvensjon	6
2.1.2. Læreplanverket	7
2.1.3. Opplæringslova	7
2.2. <i>Regionale føringer</i>	7
2.2.1. Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune)	8
2.3. <i>Kommunale føringer</i>	8
2.3.1. Kommuneplan for Bømlo.....	8
2.3.2. Velferdsplan 2021- 2024 (økonomiplan)	10
2.3.3. Trafikksikringsplan 2020 – 2024.....	10
2.3.4. Kommunedelplan oppvekst 2019-2024	10
2.3.5. Folkehelseoversikt og utfordringsbilete 2019-2023	11
2.3.6. Kommunebarometer for året 2020	11
2.4. <i>Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune</i>	12
3. Målsetjingar og tema i planen	13
3.1. <i>Målsetjingar</i>	13
3.2. <i>Tema i planen</i>	13
4. Organisering	14
4.1. <i>Organisering</i>	14
4.2. <i>Medverknad</i>	14
4.3. <i>Framdriftsplan</i>	14
5. Grunnlag for vurdering av strukturendringar	15
5.1. <i>Skulekapasitet</i>	15
5.2. <i>Kringsgrenser – nærskuleprinsippet</i>	15
5.3. <i>Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv</i>	15
5.4. <i>Skulefritidsordning – SFO</i>	16
5.5. <i>Skulehelsetenesta</i>	16

5.6. Integrering og inkludering	17
5.7. Skuleskyss.....	17
6. Grunnskulen i Bømlo.....	19
6.1. Skulestruktur	19
6.2. Elev og klassetal skuleåret 2021 - 2022	20
6.3 Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern	21
6.4 Universell utforming.....	21
6.5 Vedlikehald / handlingsplan.....	21
6.6 Økonomi.....	22
6.6.1. Kostnadslinjer klassar/elevar.....	22
6.6.2. Investeringsmidlar og felleskostnadslinjer grunnskule Bømlo 2021	23
6.6.3. Driftskostnadslinjer teknisk skuledrift Bømlo 2020.....	23
6.7. Basseng	23
6.8. Investeringar – Prosjekt og bygningsvedlikehald.....	24
7. Prognosar for grunnskulane i Bømlo.....	25
7.1. Bremnes Ungdomsskule.....	26
7.2. Foldrøy skule	27
7.3. Gilje skule	28
7.4. Hillestveit skule	29
7.5. Meling skule	30
7.6. Moster skule.....	31
7.7. Rubbestadneset skule	32
7.8. Svortland skule.....	33
7.9. Våge skule	34
8. Alternativ strukturendringar	35
8.1. Ungdomsskular	35
8.1.1. Flytta ungdomsskuleelevar frå Hillestveit til BUS.....	36
8.1.2. Flytta ungdomsskuleelevar frå Moster til BUS.....	36
8.1.3. Felles ungdomsskule for heile Bømlo	37
8.2. Barneskular	37
Kommunen har 8 skular med barnetrinn.	37
8.2.2. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Rubbestadneset	38
8.2.3. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Svortland	39
8.2.4. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Moster.....	40
8.2.5. Andre ønska strukturendringar.....	40
8.2.6. Økonomi ulike alternativ basert på 2021-tal	41

8.3. <i>Gjennomførte strukturendringar sidan førre skulebruksplan.....</i>	41
8.4. <i>Tidlegare forslag til alternativ for ungdomsskulane.....</i>	42
8.5. <i>Tidlegare forslag til alternative strukturendringar for barneskulane.....</i>	42
9. Kjelder.....	42
10. Vedleggsoversikt	42

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1. Bakgrunn

Den førre skulebruksplanen gjekk fram til 2025 og gjaldt for perioden 2014 - 2025. Hausten 2021 fekk kommunen utarbeidd elevtalsprognosar fram til 2036. Her nyttar ein eksternt konsulentfirma Norconsult. Opprinnelag skulle skulebruksplanen rullerast i 2020, men dette vart utsett til 2021.

1.2. Planprogram

Planprogrammet er eit verktøy for å styrka tidleg medverknad og gode planprosessar. Programmet skal avklara rammer og premiss for arbeidet, samt klargjera føremålet med planen.

Etter § 4-1 i plan- og bygningslova skal det for alle regionale planar, kommuneplanar og for reguleringsplanar som kan ha vesentleg innverknad på miljø og samfunn, utarbeidast eit planprogram.

Planprogrammet skal såleis gje gjere for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for eventuelle utgreiingar.

1.3. Mandat

Revidera tidlegare plan og utarbeida ny skulebruksplan for Bømlo kommune 2021-2036.

2. Føringar og referansar for planarbeidet

Både lovar, forskrifter og ulike rettleiingar frå nasjonale styresmakter gir føringar på innhaldet i ein slik plan. Under følgjer dei føringar som er mest aktuelle for skulebruksplanen. Det er lenka til dei fullverdige tekstane, medan det er synt til noko særskilt viktig tekst.

2.1. Nasjonale og internasjonale føringar

- [Opplæringslova](#)
- [Forskrift til opplæringslova](#)
- [Barnelova](#)
- [Barnevernlova](#)
- [Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular](#)
- [Barnehagelova](#)
- [Arbeidsmiljølova](#)
- [Internkontrollforskrifta](#)
- [Likestillings- og diskrimineringslova](#)
- [Folkebibliotekloven](#)
- [Kulturlova](#)
- [Kulturskuleloven \(§ 13-6 i Opplæringslova\)](#)
- [Lov om film og videogram](#)
- [Læreplanverket Kunnskapssløftet](#)
- [FNs Barnekonvensjon](#)
- [Læreplanverket](#)

2.1.1. FNs Barnekonvensjon

Barnekonvensjonen er teken inn i norsk rett ved lov om menneskerettar av 2003. Konvensjonen forpliktar kommunen til å vektleggja barn sitt beste, mellom anna i saker om skulestruktur.

I artikkel 3 nr 1 i konvensjonen heiter det:

«*Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, eller administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.*»

Dette inneber at det i vurdering av skulestrukturen må vurderast kva som er best for barna, og omsynet til barna må takast med i vurderinga av alternativ.

2.1.2. Læreplanverket

Skuleigar har eit overordna ansvar for at elevane får opplæring som er i tråd med læreplanverket. Skuleigar og skuleleiar har saman ansvar for at skulen har nødvendig kompetanse, og å sørge for kompetanseutvikling i tråd med det læreplanverket krev. Skuleigar skal stilla nødvendige ressursar til disposisjon, og sørge for rammer som gir skulane moglegheit til å setja seg inn i og ta læreplanverket i bruk på ein god måte.

Overordna del av læreplanverket; Kunnskapsløftet 2020, utdjupar verdigrunnlaget i opplæringslova sin formålsparagraf og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa:

1. Opplæringa sitt verdigrunnlag,
2. Prinsipp for læring, utvikling og danning og
3. Prinsipp for skulen sin praksis.

Læreplanane for fag beskriver faga sitt innhald og mål. Overordna del gir retning for opplæringa i fag, og alle fag bidrar til å realisera opplæringa sitt breie formål. Heile læreplanverket er grunnlaget for opplæringa, og dei ulike delane heng tett saman og må brukast saman. I læreplanen er det òg tre tverrfaglege tema; folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling.

Den overordna delen beskriv det grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa. Den skal òg liggja til grunn for samarbeidet mellom heim og skule.

2.1.3. Opplæringslova

Opplæringslova er eit sentralt dokument ved utarbeiding av ein slik plan. Sentrale føringer vil vera:

- Elevane sitt arbeidsmiljø (§ 9.a)
- Formålet med opplæringa
- Nærskuleprinsippet
- Skulestorleik
- Skyss
- Organisering av elevar i klassar/grupper
- SFO/leksehjelp
- Skulebibliotek, inventar, utstyr og læremiddel
- Skulemiljø
- Uteområde
- Fysisk aktivitet (forskrift)
- Medverknad
- Integrering og inkludering

2.2. *Regionale føringer*

- [Regional planstrategi 2020-2024](#)
- [Regional kulturplan 2019-2027](#)
- [Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2017-2030](#)

2.2.1. Skulebruksplan Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune)

Bømlo Vidaregåande Skule og Rubbestadnes Vidaregåande Skule blir slått saman f.o.m. 20.08.2022.

Den nye skulen vert lokalisert til Leite, med eit opplæringssenter på Rubbestadneset og spesialiserte opplæringsstasjonar i lokale verksemder på Bømlo. Dette gjev også moglegheit for at ein kan tilretteleggja tilbod for ungdomsskuleelevar med stort læringspotensial til å ta fag frå vidaregåande (forsering av fag).

2.3. Kommunale føringer

- [Kommuneplan for Bømlo kommune: KPS - samfunnsdelen 2019-2049](#)
- [Kommuneplan for Bømlo kommune: KPA - arealdelen 2013-2025 \(ny er under utarbeiding\)](#)
- [Velferdsplan for Bømlo kommune 2021-2024 \(økonomiplan\)](#)
- [Trafikksikringsplan 2020 - 2024](#)
- [Kommunedelplan oppvekst 2019-2024](#)
- [Folkehelseoversikt og utfordringsbilete 2019-2023](#)
- Kommunebarometer for året 2020

2.3.1. Kommuneplan for Bømlo

Grunnleggjande prinsipp:

All planlegging i Bømlo skal basera seg på nokre grunnleggjande prinsipp.

FN sine berekraftsmål og tre planprinsipp

Berekraft handlar om at me skal leva og utvikla oss samstundes med at me gjev neste generasjon minst like gode mogleheter for det same. Plan- og bygningslova har og som føremål å fremja berekraftig utvikling. Difor skal alle me i Bømlo vera med på å beskytta natur, samfunn og landskap, og samstundes sørga for at lokalsamfunnet har noko å leva av.

Bømlo skal vera med på å oppfylla internasjonale og nasjonale berekraftmål.

Difor legg me FN sine berekraftmål (sjå figur) til grunn for kommuneplanarbeidet. Dette inkluderer også klimamål. Fram mot 2049 skal Bømlo kutta sine klimagassutslepp med 90%.

Klimaarbeidet skal vera integrert i alle kommunen sine rutinar, planar og system.



Bømlo legg vidare til grunn tre prinsipp som skal styra planlegginga:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Dette inneber mellom anna at me skal vera med på overgangen til lågutsleppssamfunnet og ein sirkulær økonomi. Innbyggjarane skal bli inkluderte. Me skal fremja likestilling, førebyggja negative, sosiale forskellar og alle skal oppleva tryggleik og trivsel. Innovasjon og nyskaping skal bli fremja i både offentleg og privat sektor.

Helsefremjing i all planlegging inneber at materielle og sosiale kvalitetar har positiv påverknad på helsa. Folkehelselova ligg til grunn.

I løpet av dei neste tiåra vil det nok komma fleire faktorar for kva eit samfunn blir målt på. I dag er dei viktigaste faktorane befolknings- og økonomisk vekst, men opplevd tryggleik og sosial tilstand blir på globalt nivå diskutert som mål. På Bømlo skal me førebu oss og ta omsyn til desse faktorane i planlegging allereie i dag.

Lokalsentra

I kommuneplanen er det definert kommunesentrums på Svertland, og fire lokalsenter på Bømlo: Rubbestadneset, Moster, Finnås og Langevåg. I tillegg har me åtte skulekrinsar som høyrer til desse.

Nokre sentrale teneste og verksemder bør alltid liggja i eit kommunesenter, men det finns også tilbod som kan bli lokalisiert andre stader i kommunen, særleg om ein kan utnytta lokale særpreg ein ikkje finn andre stader. Det kan med ei meir konsentrert satsing på lokalsentra bli meir enkelt å lokalisera tenester for heile kommunen på ulike plassar. Når kommunen skal vurdera å etablera eller oppretthalda teneste i lokalsentra må det gjerast heilskaplege vurderingar og prioriteringar mellom anna med omsyn på kost, nytte og kvalitet.

Innan oppvekst skal kommunen sine tenester arbeida førebyggjande og helsefremjande gjennom gode universelle tiltak, for alle, og tidleg innsats, for førebygging.

Dei grunnleggande ferdighetene i læreplanen; å kunna lesa, å kunna skriva, å kunna rekna, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter er framleis sentrale.

2.3.5. Folkehelseoversikt og utfordringsbilete 2019-2023

Nærmiljø, barnehagar og skular er dei viktigaste arenaene for folkehelsearbeid. I barnehagar og skular får barn og unge naudsynt kunnskap som skal kvalifisera for framtidig arbeidsliv. Samtidig er det ein sentral arena for sosial trening.

Desse arenaene er dei stadene der ein møter born og unge med føresette. Her kan ein nå befolkninga med folkehelsetiltak som kan fremja sunn livsstil, og førebyggja fysiske og psykiske helseplager og sjukdom.

Tilrettelagde uteområde kan auka aktivitetsnivået i skuletida, og fungere som sosiale og aktivitetsfremjande møteplassar for lokalsamfunnet. Erfaring med universelle tiltak viser at dei gjev nytte for alle, men at dei som treng det mest får størst nytteverdi. Difor er universelle tiltak langt meir effektive enn tiltak retta berre mot dei med høgast risiko, og til lågare kostnader.


Alle grunnskulane i Bømlo er kommunale og del av folkehelsearbeidet. Alle barnehagane i Bømlo er private, og her er det etablert samarbeid.

2.3.6. Kommunebarometer for året 2020

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her er kommunane rangert etter nøkkeltal og sektorar.

Grunnskulen i Bømlo kom på 60. plass (av 356) på Kommunebarometeret for 2021.

2.4. Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune



3. Målsetjingar og tema i planen

3.1. Målsetjingar

Det er eit overordna mål å sikra kvalitet i skulen og optimal bruk innanfor dei rammene kommunen rår over.

Målet med planarbeidet er vidare å koma fram til ein skulestruktur som er tilpassa endra føresetnader og som er eit godt grunnlag for langsiktig planlegging og som er godt tilpassa føringar i den til ein kvar tid gjeldande kommuneplan.

Skuleanlegga i Bømlo skal vera tilpassa skuledrift i tråd med sentrale og lokale retningslinjer og planer.

Skuleanlegga skal tilpassast slik at dei også skal vera tenlege for innbyggjarane i dei ulike krinsane og skal også utformast slik at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytta anlegga.

Anlegga skal også kunne inkludera andre kommunale tenester der det er aktuelt, t.d. skulehelseteneste.

Planen skal elles medverka til:

- sikra at skuleareala er godkjente etter gjeldande lov- og regelverk
- sikra ein stabil skulestruktur
- sikra akseptabel reisetid i samband med skuleskyss
- sikra likeverdig og godt skuletilbod til alle elevar
- sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- sikra nok skuleareal, både ute og inne

3.2. Tema i planen

Faktainformasjon om kvar skule, kapasitet, standard m.m.

- Skulane sitt fysiske miljø
- Skulestorleik, arealnorm og økonomi
- Investeringsoversikt/handlingsplan
- Konsekvensar for drift og vedlikehald
- Elevtalsutvikling med dagens struktur/opptaksområde
- Forventa utvikling av busettingsmønster
- Lovheimel for inntaksområde/forskrift
- Gjennomgang av inntaksområde og eventuelle framlegg til endringar
- Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv
- Skulane som nærmiljøanlegg
- Skulehelseteneste
- Integrering
- Skuleval (slå saman fritt/krins)
- Skuleveg og skuleskyss/trafikktryggleik
- Skulefritidsordning - SFO

5. Grunnlag for vurdering av strukturendringar

5.1. Skulekapasitet

Det er god kapasitet ved dei fådelte skulane; Hillestveit, Våge, Gilje, Foldrøy.

Ved dei fulldelte skulane er det god kapasitet på Moster som har parallellear, og høve til å ha parallellear på dei trinna der det berre er ein klasse. Byggmessig er det og kapasitet på Rubbestadneset til å ha fleire klassar dersom det må opprettast parallellear. Svortland og Meling har ikkje byggmessig kapasitet til fleire klassar enn dei har i dag. BUS er bygd for fem parallellear per trinn, dersom det vert fleire enn desse trengs det tilbygg. Dette vart det teke høgde for ved byggjing av nye Bremnes Ungdomsskule, og det ligg føre teikningar for vidare utviding.

5.2. Krinsgrenser – nærskuleprinsippet

Opplæringslova § 8-1- lyder: «*Grunnskoleelevarne har rett til å gå på den skulen som ligg nærest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gje forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.»*

Bømlo har definert skulekrinsgrenser i «Forskrift om krinsgrensar for grunnskulane i Bømlo», vedteken i Kommunestyret 05.12.2016. Bømlo kommune har ikkje fritt skuleval, ein føl skulekrinsgrensene.

5.3. Skulestruktur i eit folkehelseperspektiv

God helse heng saman med tryggleik, meistring, sosialt liv, fysisk aktivitet og eit sunt kosthald. Sunne skulebygg med godt inneklima og variert aktivitet gjennom skuledagen fremjar læring. Det er ei føremon om elevar kan gå eller sykla til skulen, for å auka kvardagsaktiviteten. Då trengs det trygge gang- og sykkelvegar. I planlegginga av ny skulestruktur må trygg skuleveg og utbygging av gang/sykkelstiar ha høg prioritet. Her må ein tenkja langsiktig, og ta høgde for at det vil komma elektriske framkomstmiddel som gjer det mogleg med bilfri transport over lengre avstandar. I tillegg er det ein fordel om ein vurderer korleis snarvegar som turstigar og barnetråkk kan vera trygge skulevegar.

For dei som likevel er avhengig av kollektivtransport, er det viktig at tilbodet tidsmessig er tilpassa skule- og fritidsaktivitetar, og at det er tilfredsstillande kapasitet, slik at elevane får ein trygg og effektiv transport.

Tilrettelegging for aktiv skule, med gode uteareal som innbyr til variert fysisk aktivitet, samt hjartesonar (trafikkfrie sonar kring skulane) kan vera alternative måtar å fremja fysisk aktivitet på, både gjennom skulekvarden, og på fritida som aktive møteplassar for nærmiljøet.

Tilhøyrslle og vene er viktig for å trivast. For mange vil det kjennast trygt å gå på ein skule i nærmiljøet, mens andre kan ha vanskar med å finna vene med same interesser på ein liten skule. Alle barn/ungdom

bør ha høve til å delta på idrettsaktivitetar, då det fremjar både psykisk og fysisk helse. Tilboda på Bømlo bør sjåast under eitt, slik at alle kan finna noko som høver for dei. Utrygge vegar og manglende kollektivtilbod er i dag ei barriere mot deltaking og sosial kontakt. Ved godt utbygde gang- og sykkelvegar og godt kollektivtilbod vil ikkje transporttid og skulestørleik vera vesentlege faktorar for skulekvardagen eller fritidstilbodet i eit folkehelseaspektet.

5.4. Skulefritidsordning – SFO

Dette er eit tilbod til alle elevar på 1. til 4 trinn og for elevar med spesielle behov også på 5. til 7. trinn. SFO-tilboden blir gitt før og etter skuletid og har ei opningstid på 9 timer inklusiv skuletida. Dei fleste skulane har ei opningstid frå kl. 07 til kl. 16.

I skuleferiar er det felleskommunal SFO ved Svortland skule. Dette er eit tilbod til heile kommunen. Det er krav at det minst er 5 brukarar.

SFO –tilboden er regulert i opplæringslova, men er ikkje ein del av opplæringstilboden.

SFO er ein del av barna si fritid, det er viktig at fri leik skjer i eit miljø som er trygt og som stimulerer til utforsking og skapartrong hos barna. Nærerommet og naturen kring skulen utgjer ein viktig ressurs, og det skal leggjast til rette for flittig bruk av desse områda.

I praksis vil dette sei at barna får høve til leika inne og ute, åleine eller i gruppe, dyrka ein hobby eller ei interesse, gå på tur, oppleva kulturell aktivitet, øva seg i samarbeid med fleire aldersgrupper, kvila eller gjera lekser.

Det er ca. 275 elevar som har eit slikt tilbod skuleåret 2021/22. Dette utgjer ca. 43% av elevane på 1. til 4. trinn (636). Dei fleste går på 1. trinn og det er færrest elevar frå 4. trinn. Det er få som har full plass (45), ca. 16%.

Dei fleste skulane er bygd før SFO-tilbod vart lovfasta. Sidan førre skulebruksplan er det gjort nybygg og oppgraderingar ved Rubbestadneset, Meling, Foldrøy og Hillestveit. Moster og Gilje har tilfredsstillande fasilitetar. Det er fortsatt ikkje optimale forhold ved Svortland og Våge.

5.5. Skulehelsetenesta

Det er etablert skulehelseteneste ved alle skulane, men med stor variasjon i graden av tilrettelegging. Alle barn i Bømlo har rett til eit likt tilbod. Det er viktig at skulehelsetenesta har eigne kontor/lokale som alltid er tilgjengelege og som dei kan forma som dei vil, og at dei ikkje må dela lokale med skuletilsette. Lokala bør liggja litt skjerma, slik at det er lett for elevane å oppsökkja skulehelsetenesta ved behov, utan at det blir så synleg.

5.6. Integrering og inkludering

Innføringstilbod for nyankomne elevar med lite norskspråkleg kompetanse frå 3-10 trinn ved Svortland Skule/ Bremnes ungdomsskule. Andre minoritetsspråklege elevar går på sin nærskule. 4,6% av elevane i Bømloskulen har vedtak om særskilt språkopplæring.

Bømlo har ein alternativ opplæringsarena der elevar som treng det kan få deler av si undervisning (Alvsvåg alternative skulearena), 10-15 elevar.

Elevar med funksjonsnedsettingar går på sin nærskule, og skulane tilrettelegg for dette i samarbeid med andre hjelpetenester i kommunen.

5.7. Skuleskyss

Desse elevane kan få innvilga skuleskyss:

- 1. klassingar som bur minst 2 km frå skolen (fylkeskommunalt vedtak)
- 2.-10. klassingar som bur minst 4 km frå skolen (fylkeskommunalt vedtak)
- Elevar som har for kort avstand, men der skolevegen blir definert som særleg farleg (kommunalt vedtak)
- Elevar med varig eller midlertidig funksjonshemning/sjukdom kan ha rett på skyss mellom skole og heim uavhengig av reiselengde (fylkeskommunalt vedtak)


Alle elevar som har kommunale vedtak om gratis skuleskyss har det fordi kommunen har definert vegen som særleg eller middels farleg (klasse 1 og 2).

Kostra viser at totalt 36.5% av elevane i Bømlo har skuleskyss.

6. Grunnskulen i Bømlo

Så godt som alle grunnskuleelevar i Bømlo går i den offentlege skulen (unnataket er eit fåtal som går ved Stord Kristne Skule). Det er 9 grunnskular i Bømlo. Gjennomsnittleg skulestorleik er 190 elevar.

Tabellen under er henta frå Kostra, og viser at kommunen har dyrare brutto driftsutgifter pr. skule enn kommunegruppe, landet utanom Oslo og Stord, men mindre kostnadar enn Sunnhordlandskommunane Fitjar og Kvinnherad.



6.1. Skulestruktur

Kommunen har 3 fådelte barneskular, 3 fulldelte barneskular, 1 fådelt kombinert skule, 1 fulldelt kombinert skule og ein ungdomsskule.

Sidan førre skulebruksplan er Eslevær skule lagd ned, og ungdomsskulen på Rubbestadneset er flytta til BUS.

6.3 Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern

Alle grunnskular og vidaregåande skular er godkjenningspliktige etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler». Føremålet med forskrifta er at verksemndene skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt førebyggja sjukdom og skade. Når det ligg føre plan for etablering, utviding eller endring av verksemda, skal skulen leggja fram søknad om godkjenning for den som har godkjenningsmynde etter forskrifta. Det kommunale tilsynsorganet skal vera uavhengig, og ha naudsynt mynde og fagleg kompetanse. Det skal liggja føre ein plan for regelmessig tilsyn. Pr. november 2021 er alle skulane i Bømlo godkjende.

Dersom det ligg føre forhold ved ein skule som kan ha negativ innverknad på helsa, er skulen sin leiar ansvarleg for at både tilsynsmynde, tilsette, føresette og elevar blir informert. Tilsynsmynde kan bidra med råd og rettleiing. Skulane bør ha rutine for å informera føresette om høve til å klaga på forhold i skulen som kan virka negativt på helse og trivsel.

6.4 Universell utforming

Alle nybygg, tilbygg og ombyggingsprosjekt etter 2009 vil tilfredsstilla krava til universell utforming. Dette inneber mellom anna at me tilfredsstiller krav til universell utforming på Moster skule, Bremnes Ungdomsskule, ombyggingsdel i Rubbestadneset skule, SFO-bygg på Folderøy, tilbygg/ombygging på Hillestveit skule, tilbygg/ombygging på Meling skule, leigde lokale for Bømlo Vaksenopplæring samt to tilbygg på Svortland skule.

Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan «*Norge universelt utformet 2025*». Her skriv Regjeringa at kommunane bør ha ein eigen plan for korleis ein kan sikra at både nye og gamle offentlege bygg/skular er universelt utforma etter dei siste krava. Så langt har ikkje Bømlo starta dette arbeidet, men alle ombyggningar har sjølv sagt som mål å sikra betre tilgjenge for alle. For å veta om øvrige skulelokale er i tråd med universell utforming bør det gjennomførast ei kartlegging av desse.

6.5 Vedlikehald / handlingsplan

Alle skulane vil sjølv sagt ha eit løpande vedlikehaldsbehov/rehabilitering.

Teknisk drift, bygningsvedlikehald, har ein plan for dette med prioriteringar, kostnadsestimat og i verketjing.

Basert på eigne erfaringar har det dei siste åra vore sett av ca. 5 millionar årleg til skulebygg. Dette har ført til at skulane i Bømlo har eit jamnt godt vedlikehaldsnivå, med noko etterslep på spesialrom/bygg. Frå 2021 inngår skulebygg saman med anna kommunal bygningsmasse når det gjeld prioriteringar av investeringsmidlar til større prosjekt.

8. Alternativ strukturendringar

8.1. Ungdomsskular

Kommunen har 3 ungdomsskular. Samla går det ca. 550 elevar i ungdomsskulen. Vurderingane som ligg til grunn for endring i ungdomsskulestukturen er primært fagleg begrunna. Dette handlar om å ha eit stort nok fagmiljø til tilby elevane opplæring av lærarar som er kvalifiserte i sine fag, og at elevane kan få eit variert språk- og valfagstilbod. Eit større fagmiljø innehar og meir spesialkompetanse for å kunna møta ulike utfordringar. Det er og lettare å rekruttera kvalifisert personale til eit stort fagmiljø. Ein sentralisert ungdomsskule vil og gje elevane høve til eit skulebyte ila. 10 år, der dei møter nye jamnaldringar frå heile øya når dei vert tenåringer. Det vil også gje alle ungdommar i Bømlo like moglegheiter for faglig og sosial utvikling, sidan dei er i same miljø.

Dersom alle elevane vart samlokaliserte ved Bremnes Ungdomsskule ville det vore 19 klassar i år. BUS er etter første byggjetrinn dimensjonert for 15 klassar à 30 elevar, 450 elevar totalt. Det er tenkt at kvart trinn har sitt område, med eige fellesområde. Inneverande skuleår er det fem 8.klassar, fire 9.klassar og fem 10.klassar. Det ledige rommet på 9.trinn vert nytta til MOT-økter og anna undervisning. Tilføring av elevar frå Hillestveit, Moster eller begge vil gje kapasitetsutfordringar.

Ein treng fleire arbeidsplassar for lærarar (rekna på antall tilsette, ikkje årsverk), då ein allereie i dag har tilsette som må dela plassar. Fleire klassar vil og gje utfordringar med tilgang på spesialrom for kunst- og handverk, musikk, mat og helse samt naturfag. Det vil også gje utfordringar med nok plass i Bømlohallen til kroppsøving.

For å realisera større strukturendringar i ungdomsskulen må byggjesteg to ved BUS gjennomførast. I skissa som vart utarbeida for utviding av 2.etg er det lagt inn 4 nye klasserom, fleire arbeidsplassar for tilsette, eit ekstra naturfagsrom og større bibliotek. Denne skissa syner kun potensialet i 2.etg på BUS, er ikkje kvalitetssikra med brukarar og interessentar, og ein treng ein behovsanalyse. Påbygget/ombygginga utgjer eit samla areal på 975 m², og har ein stipulert kostnad på om lag 25-30 millionar kroner.

Under er det ulike alternativ for framtidig drift.

8.1.3. Felles ungdomsskule for heile Bømlo

2022/2023				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
BUS	398 (135/115/148)	14	8. = 201 9. = 171 10. = 200	8. = 7 9. = 6 10. = 7
Hillestveit	56 (22/18/16)	3		
Moster	118 (44/38/36)	6		
Total	572	23	572	20
2023/2024				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
BUS	373 (119/137/117)	13	8. = 181 9. = 203 10. = 173	8. = 7 9. = 7 10. = 6
Hillestveit	53 (13/22/18)	3		
Moster	131 (49/44/38)	6		
Total	557	22	557	20
2024/2025				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
BUS	379 (122/119/138)	14	8. = 168 9. = 180 10. = 204	8. = 6 9. = 6 10. = 7
Hillestveit	47(12/13/22)	2		
Moster	126 (34/48/44)	6		
Total	552	22	552	19
2028/2029				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
BUS	395 (120/149/126)	14	8. = 158 9. = 180 10. = 168	8. = 6 9. = 6 10. = 6
Hillestveit	38(12/8/18)	2		
Moster	73 (26/23/24)	3		
Total	506	19	506	18

8.2. Barneskular

Kommunen har 8 skular med barnetrinn. Samla går det ca. 1165 elevar i barneskulen. Vurderingane som ligg til grunn for endring i barneskulestrukturen er å ha ein robust nok skulestruktur og eit berekraftig driftsnivå. Ein er avhengig av å kunna skapa reelt handlingsrom som legg til rette for utvikling, med deltaking i nye satsingar og gjennomføring av tiltak. Elevtalsprognosene visar at Bømlo etter kvart vil få fleire fådelte barneskular med færre elevar, samt at det skjer ei dreiling i økonomi frå oppvekst til helsesektoren når befolkninga i Bømlo vert eldre. Drift av små skular er dyrare enn drift av større skular. For å sikra ein berekraftig skulestruktur bør små skular kontinuerleg vurderast (om lag 50 eller færre elevar).

Den einaste barneskulen i Bømlo som i dag er i denne kategorien er Foldøy med 38. Elevtalsprognosene viser at Bømlo i 2036/37 vil ha ytterligare to barneskular med ca. 50 elevar. Elevane ved slike små fådelte skular kostar meir enn elevar ved større og fulldelte skular (sjå kapittel 6.6.1). Kommunedirektør har vurdert stukturendringar for andre barneskular med synkande elevtal fram mot 2036, så som t.d. samlokalisering av Hillestveit/Våge og flytting av elevar ved Gilje skule til Svertland. Endringar her er ikkje aktuelle.

Under er det ulike alternativ for framtidig drift for dei 3 neste skuleåra samt midtvegs i prognoseperioden.

8.2.2. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Rubbestadneset

2022/2023				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	40(6/6/11/2/4/7/4)	3	1. 34 2. 28 3. 39 4. 19 5. 31 6. 24 7. 26	1. 2 2. 1 3. 2 4. 1 5. 2 6. 1 7. 1
Rubbestadneset	161 (28/22/28/17/27/17/22)	7		
Total	201	10	201	10
2023/2024				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	41(3/6/7/11/2/4/8)	3	1. 25	1. 1
Rubbestadneset	162 (22/28/22/28/18/27/17)	7	2. 34 3. 29 4. 39 5. 20 6. 31 7. 25	2. 2 3. 2 4. 2 5. 1 6. 2 7. 1
Total	203	10	203	11
2024/2025				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	42(7/3/7/7/11/2/5)	3	1. 31	1. 2
Rubbestadneset	169 (24/22/28/22/28/18/27)	7	2. 25 3. 35 4. 29 5. 39 6. 20 7. 32	2. 1 3. 2 4. 2 5. 2 6. 1 7. 2
Total	211	10	211	12
2028/2029				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	34(5/4/6/3/6/4/6)	3	1. 29	1. 2
Rubbestadneset	169 (24/24/23/26/24/21/27)	7	2. 28 3. 29 4. 29 5. 30 6. 25 7. 33	2. 1 3. 2 4. 2 5. 2 6. 1 7. 2
Total	203	10	203	12

8.2.3. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Svortland

2022/2023				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	40(6/6/11/2/4/7/4)	3 14	1. 49 2. 36 3. 65 4. 48 5. 47 6. 56 7. 47	1. 2 2. 2 3. 3 4. 2 5. 2 6. 2 7. 2
Svortland	308 (43/30/54/46/43/49/43)			
Total	348		348	15
2023/2024				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	41(3/6/7/11/2/4/8)	3 14	1. 40 2. 49 3. 38 4. 65 5. 49 6. 49 7. 58	1. 2 2. 2 3. 2 4. 3 5. 2 6. 2 7. 3
Svortland	307 (37/43/31/54/47/45/50)			
Total	348		348	16
2024/2025				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	42(7/3/7/7/11/2/5)	3 14	1. 40 2. 40 3. 51 4. 38 5. 66 6. 51 7. 51	1. 2 2. 2 3. 2 4. 2 5. 3 6. 2 7. 2
Svortland	295 (33/37/44/31/55/49/46)			
Total	337		337	15
2028/2029				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	34(5/4/6/3/6/4/6)	3 14	1. 44 2. 44 3. 41 4. 45 5. 41 6. 45 7. 56	1. 2 2. 2 3. 2 4. 2 5. 2 6. 2 7. 2
Svortland	280 (39/40/35/42/35/41/48)			
Total	314		314	14

8.2.4. Flytta barneskuleelevar frå Foldrøy til Moster

2022/2023				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	40(6/6/11/2/4/7/4)	3	1. 25 2. 31 3. 33 4. 26 5. 39 6. 41 7. 53	1. 1 2. 2 3. 2 4. 1 5. 2 6. 2 7. 2
Moster	208 (19/25/22/24/35/34/49)	10		
Total	248	13	248	12
2023/2024				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	41(3/6/7/11/2/4/8)	3	1. 26	1. 1
Moster	185 (23/21/25/23/24/35/34)	9	2. 27 3. 32 4. 34 5. 26 6. 39 7. 42	2. 1 3. 2 4. 2 5. 1 6. 2 7. 2
Total	226	12	226	11
2024/2025				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	42(7/3/7/7/11/2/5)	3	1. 30	1. 2
Moster	177 (23/24/21/26/24/24/35)	8	2. 27 3. 28 4. 33 5. 35 6. 26 7. 40	2. 1 3. 1 4. 2 5. 2 6. 1 7. 2
Total	219	11	219	11
2028/2029				
Skule	Elevtal	Klassetal	Elevtal kombinert	Klassetal kombinert
Foldrøy	34(5/4/6/3/6/4/6)	3	1. 26	1. 1
Moster	167 (21/23/30/20/26/25/22)	8	2. 27 3. 36 4. 23 5. 32 6. 29 7. 28	2. 1 3. 2 4. 1 5. 2 6. 2 7. 1
Total	201	11	201	10

8.2.5. Andre ønska strukturendringar

Det er ønska utviding av skulegrense mellom Meling og Brekke/Habbestad med formål å utvida Meling skulekrins. Innspelet kom frå ein far på Habbestad i mail til forvaltninga 30.04.2021.

8.2.6. Økonomi ulike alternativ basert på 2021-tal

Alternativ	Investering	Netto innsparing drift pr år	Kommentar / merknad
8.1.1. Flytte ungdomsskuleelevar frå Hillesveit til BUS	Krev byggetrinn to, estimert til 25-30 mill.	1.5 mill	Likt klassetal, men færre elevar pr. klasse 22/23.
8.1.2. Flytte ungdomsskuleelevar frå Moster til BUS	Krev byggetrinn to, estimert til 25-30 mill.	1.3 mill	Innsparing på 1 klasse dersom det hadde effekt frå 22/23.
8.1.3. Felles ungdomsskule for heile Bømlo	Krev byggetrinn to, estimert til 25-30 mill.	4.8 mill	Innsparing på 3 klasser dersom det hadde effekt frå 22/23.
8.2.1. Flytte barneskuleelevar frå Foldrøy til Rubbestadneset		2.25 mill	Ingen klassetalsreduksjon i 22/23. Innsparinga vert større dersom bygningsmassen vert avhenda.
8.2.2. Flytte barneskuleelevar frå Foldrøy til Svortland		3 mill	Vil føre til 3.parallell på eitt trinn Innsparinga vert større dersom bygningsmassen vert avhenda.
8.2.3. Flytte barneskuleelevar frå Foldrøy til Moster		2.7 mill	Innsparing på 1 klasse dersom det hadde effekt frå 22/23. Innsparinga vert større dersom bygningsmassen vert avhenda.
8.2.4. Andre ønska strukturendringar			Kringsgrenseendring Brekke/Habbestad vert foreslått gjennomført.

8.3. Gjennomførte strukturendringar sidan førre skulebruksplan

1. Bygging av Bremnes ungdomsskule realisert i samsvar med tidlegare vedtak. Skulen skal likevel tilpassast ei eventuell utviding på eit seinare tidspunkt.
2. Espevær skule vart nedlagd i 2020.
3. Rubbestadneset ungdomsskule vart flytta til Bremnes Ungdomsskule frå skuleåret 2017/1018.
4. Kringsgrensa mellom Svortland og Meling skulekrins regulert for området Stavland/Stavlandsneset for å utvida Meling krins.
5. Kringsgrensa mellom Svortland og Rubbestadneset i området Innvær/ Brendesæter regulert for å utvida Rubbestadneset krins.
6. Kringsgrensa mellom Foldrøy og Svortland skular i området Ekornsæter/Bråtaneset regulert for å utvida Foldrøy krins.
7. Kringsgrensa mellom Foldrøy og Moster skular i området Siggjarvåg regulert for å utvida Foldrøy skulekrins.

8.4. Tidlegare forslag til alternativ for ungdomsskulane

- 8.4.2. Slå saman ungdomsskulane BUS, Rubbestadneset og Hillestveit
- 8.4.3. Felles ungdomsskule for heile Bømlo

8.5. Tidlegare forslag til alternative strukturendringar for barneskulane

- 8.5.1. Flytting av alle elevar frå Foldrøy til Rubbestadneset
- 8.5.2. Flytting av alle elevar frå Meling og Gilje til Svortland
- 8.5.3. Flytting av alle elevar frå Våge til Hillestveit
- 8.5.4. Utbygging av Svortland skule for tre parallellear

9. Kjelder

Norconsult
SSB
Lovdata
Arbeidstilsynet
Statsforvaltaren
Regjeringen
UDIR
FN
Vestland fylke
Bømlo Kommune
Kostra
Framsikt
Kommunal Rapport
Trygg Trafikk

10. Vedleggsoversikt

Vedlegg 1 – Grunnskulefakta Bømlo
Vedlegg 2 - Rundskriv Udir-2-2012
Vedlegg 3 – Prognoserapport Bømlo Norconsult